

# Årleg møte i ØIL Handball 2019



Møtestad: Klubbhuset - Ørstahallen  
Dato: 20.april 2019  
Tid: kl. 20:00

## **Sakliste:**

- Sak 01: Godkjenning av røysteføre**
- Sak 02: Godkjenning av innkalling og sakliste.**
- Sak 03: Val av skrivar**
- Sak 04: Val av møteleiar**
- Sak 05: Val av to personar til å signere protokoll.**
- Sak 06: Ta til vitende årsmeldingar frå styret og dei ulike laga**
- Sak 07: Godkjenning av rekneskap for 2018**
- Sak 08: Godkjenning av budsjett for 2019**
- Sak 09: Godkjenning av satsar for treningskontingent for 2019/2020**
- Sak 10: Val**

## Sak 01: Godkjenning av røysteføre

|                     |   |
|---------------------|---|
| Forslag til vedtak: | <i>Vi tei talet på røysteføre og fører talet inn i protokollen.</i> |
| Vedtak:             |   |

## Sak 02: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereclar

|                     |  |
|---------------------|--|
| Forslag til vedtak: | <i>Årsmøtelyden godkjenner innkallinga</i> |
| Vedtak:             |  |

### Sakliste:

|                     |   |
|---------------------|---|
| Forslag til vedtak: | <i>Årsmøtelyden godkjenner saklista</i> |
| Vedtak:             |   |

### Møtereclar:

|                     |   |
|---------------------|---|
| Forslag til vedtak: | <ol style="list-style-type: none"><li><i>1. Årsmøte vel ordstyrar</i></li><li><i>2. Møteboka skal førast av skrivar</i></li><li><i>3. Ingen har til vanleg meir enn tre innlegg til ei sak, Ordstyrar kan gjere framlegg om avgrensa taletid og/eller strek for dei innmelde talar. Replikkar og merknader skal vere korte.</i></li><li><i>4. Etter at saka er teken opp til røysting, kan ikkje nye framlegg setjast fram.</i></li><li><i>5. På årsmøte kan det ikkje handsamast forslag om lovendring som ikkje er kunngjort på sakliste. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei med røysterett på årsmøte vedtek det, ved godkjenning i saklista.</i></li><li><i>6. Alle vedtak og val vert avgjort ved fleirtal av dei avgjevne røyster, med dei unntak som er vedtatt i lova. Ved røystelikskap fell framlegget. Blanke røyster tei ikkje, og røysta vert veri rekna som ikkje avgjeven. Dette gjeld ikkje personval.</i></li><li><i>7. Ved personval skal det til vanleg vere skriftleg avrøysting, og alle røyster, også blanke røyster skal protokollerast. For å bli valt må ein kandidat ha minst halvparten av dei avgjevne røystene, blanke røyster irekna.</i></li><li><i>8. Framlegg til vedtak vert førde inn i møteboka, med talet på avgjevne røyster for og imot.</i></li><li><i>9. Møteboka vert gjennomgått og underskriven av to valde årsmøte deltakarar</i></li></ol> <p><i>Møtereclarne skal følgje sakspapira til kvart årsmøte</i></p> |
| Vedtak:             |   |

### Sak 03: Val av skrivar

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <u>Forslag til vedtak:</u> | Årsmøtelyden vel _____ som skrivar     |
| Vedtak:                    | Årsmøtet godkjenner _____ som skrivar. |

### Sak 04: Val av møteleiar

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <u>Forslag til vedtak:</u> | Årsmøtelyden foreslår leiar – Rune Hovde |
| Vedtak:                    |  |

### Sak 05: Val av to personar til å signere årsmøteprotokollen

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <u>Forslag til vedtak:</u> | Årsmøtelyden vel to av årsmøtelyden til å signere årsmøteprotokollen,<br>_____ |
| Vedtak:                    | Årsmøtet godkjenner _____  |

### Sak 06: Godkjenning av årsmeldingar

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <u>Forslag til vedtak:</u> | Årsmøtelyden tek årsmeldingane til vitande |
| Vedtak:                    |  |

### Sak 07: Rekneskap for 2018

|                            |   |
|----------------------------|---|
| <u>Forslag til vedtak:</u> | Årsmøtelyden tek til vitande rekneskapen for 2018 |
| Vedtak:                    |   |

### Sak 09: Budsjett for 2019

|                            |   |
|----------------------------|---|
| <u>Forslag til vedtak:</u> | Årsmøtelyden godkjenner budsjett for 2019 |
| Vedtak:                    |   |

### Sak 10: Fastsetjing av treningskontingent

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <u>Forslag til vedtak:</u> | Årsmøtelyden vedtek å auke gjeldande satsar for treningskontingent frå hausten 2019. Treningskontingent for 2019/2020 vert fakturert i to. Ein hausten 2019 og ein våren 2020. Nye satsar vert:<br>Senior og J/G 17/18: 2400,-<br>J/G 15/16: 2100,-<br>J/G 13/14: 1600,-<br>J/G 11/12: 1200,-<br>J/G 10: 900 |
|----------------------------|--|

|         |             |
|---------|-------------|
|         | Mini: 550,- |
| Vedtak: |             |

## **Sak 11: Val av medlemmer til styret**

Styret sesongen 2018-2019 har vore samansett slik:

- Leiar: Rune Hovde
- Nestleiar: Sven Castberg
- Økonomileiar: Sigrun Heltne Vartdal
- Styremedlemmar: Christopher Voldsund, Stian lid Kleppe, Sigve Skår (sportsleg leiar) \*, Gry Olsson\*
- Varamedlemmar: Bernt Brekk\*\*, Finn Scharning (sportsleg leiar)\*\* og Renate Jensen

\*= gjekk ut av styret 010119 etter eige ønskje.

\*\*=kom inn som fast medlem i styret frå 010119.

## **Valnemnda har følgjande forslag til det nye styret:**

I valnemnda: Hjørdis A. Vikenes (kalla inn), Norunn Fagerhol og Jane Petrin Eilertsen, og varamedlem Patricio Medina. Alle fire i valnemnda har vore aktive i valnemndsarbeidet.

Valnemnda er kjent med at nokre av føresetterepresentane nok ikkje sjølve er medlemmer i Ørsta IL, og difor må då eventuelt årsmøtet gjere eit vedtak med unntak i frå lovene på årsmøtet, og så må desse føresetterepresentane innan 25. mars ha betalt medlemskontigenten til Ørsta Idrettslag. Valnemnda sitt forslag er at årsmøtet gjer eit slik unntaksvedtak.

Handballstyret får mynde til å sjølve fordele arbeidsoppgåvene seg i mellom. Det er leiar, nestleiar og kasserar som skal velgjast på årsmøtet.

Valnemnda føreslår at handballstyret får mynde til å sjølve skaffe ein fast styremedlem til, viss dei ser at dei har behov for det på grunn av auka aktivitet med ny hall. I forslaget til valnemnda er det no åtte faste styremedlemar, tre varamedlemar og ei valnemnd med tre faste representantar og ein vararepresentant.

| <b>Namn</b>           | <b>Verv</b>       | <b>Valt for/Nyval</b> | <b>Attval/nyval</b> |
|-----------------------|-------------------|-----------------------|---------------------|
| Rune Hovde            | Leiar             | 2019-2020             | Attval eit år       |
| Sigrun Heltne Vartdal | Økonomi-ansvarleg | 2019-2020             | Attval eit år       |
| Sven Castberg         | Nestleiar         | 2019-2021             | Attval to år        |
| Finn Erik Scharning   | Styremedlem       | 2019-2020             | Ny posisjon eit år  |
| Stian Lid Kleppe      | Styremedlem       | 2019-2020             | Attval 1 år         |
| Marlèn Thunem Raudøy  | Styremedlem       | 2019-2021             | Nytt styrem.2 år    |
| Tor Egil Meland       | Styremedlem       | 2019-2021             | Nytt styrem.2 år    |
| Norunn Fagerhol       | Styremedlem       | 2019-2021             | Nytt styrem.2 år    |
| Tone Krumsvik         | Vara 1            | 2019-2021             | Ny vara 2 år        |
| Bernt Brekk           | Vara 2            | 2019-2020             | Ny posisjon eit år  |
| Solveig Storeide      | Vara 3            | 2019-2021             | Ny vara to år       |

Forslag til valnemnd:

|                         |                   |           |             |
|-------------------------|-------------------|-----------|-------------|
| Hjørdis Almelid Vikenes | Leiar i valnemnda | 2019-2020 | Attval 1 år |
| Jane Petrin Eilertsen   | Medlem i valn.    | 2019-2020 | Attval 1 år |
| Lars Erik Eilertsen     | Medlem i valn.    | 2019-2020 | Nyval       |

|                     |        |           |         |
|---------------------|--------|-----------|---------|
| Anette<br>Dagfinrud | Vara 1 | 2019-2020 | Ny vara |
|---------------------|--------|-----------|---------|

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <u>Forslag til vedtak:</u> | <i>Årsmøtelyden foreslår personlig val av styret sine representantar etter vedlagt skisse. Årsmøtelyden gir det nye styret myndighet til å konstituere seg sjølve etter ynskje etter årsmøtet.</i> |
| Vedtak:                    | Årsmøtelyden vedtek unntak i frå lovene på årsmøtet. Nokre av føresetterrepresentane er ikkje sjølve medlemer i Ørsta IL, og må innan 25. mars ha betalt medlemskontigenten til Ørsta Idrettslag.  |
| Vedtak:                    | Årsmøtelyden godkjenner einstemmig forslaget frå valnemnda. Funksjonane er valde for eit år.   |
| Vedtak:                    | Styret får mynde til å sjølve skaffe ein fast styremedlem til, viss dei ser at dei har behov for det på grunn av auka aktivitet med ny hall.   |

## Sesongen 2018/19 for Herre Ørsta Handball

Trenar: Anders Vatsaas

Kampleder: Stian Aasen

Spillerutvikler: Tommy B Furulid

Keepertrenar: Hilde Søyseth

Oppmann: Kenneth Nydahl og Elin Rekkedal Nydahl

kontaktperson: Norunn Fagerhol

Spelarstall: 13. stk. pluss 6 stk som har hospitert fast frå G16

Det er spelt i H 3. div.

Fylkessamlingar for 01 og 02: Vi har hatt 7 spelarar innom på samling.

Regional landslandslagsamling: 1 spelar.

Pr 19/03-2019 ligger herrelaget på 4. plass i 3. div

Laget har spelt 17 kamper:

12 vunne

2 uavgjort

3 tap

Vi starta førebuinga med tre helge samlingar i juni og august, dette for å utligne forskjellane mot Trondheimsлага. Vi starta opp i August, dette gjorde at vi var godt førebudd til sesongstart. Vi var «uheldige» å møte dei 2 beste laga ( Melhus og NTNU) dette gjorde at vi fekk en litt dårlig start, men vi hang med i toppen av 3 div på tross av dette.

Det har vore eit bra år med tanke på spelarutvikling, og mange har strekt seg etter både eigne og laget sine mål. Det har vore godt samhold i spelargruppa og ein opplever at gutane støtter kvarandre i mot- og medgang. Ein ser at oppmøte på trening jamt over har vore bra, og spelarane møter med god innstilling og yter sitt beste.

I og med at Ørsta har vore med i toppserien med G16 også, så har laget hatt fleire fellesturar til Trondheimsområdet. Dette ser vi har fungert meget godt sosialt og at vi har bygd fine bruer mellom G16 og herrelaget + at klubben har på denne måten spart en del penger, tid og logistikk.

Det er godt samhold i spelegruppa og ikkje minst ein stor treningsiver( dei har 4-5 økter i veka + styrke) . Klarer ein å motivere gutane til vidare satsing framover, vert dette ei god spelargruppe for framtida i ørstahandballen.

Oppmann: Kenneth Nydahl

## Sesongen 2018/19 for G 16 Ørsta Handball

Trenar: Anders Vatsaas

Oppmann: Jon Inge Vinjevoll/Finn Scharning

Foreldrekontakt: Belinda Roen Kristiansen

Spelarstall: 14 stk. pluss 4 stk som har hospitert frå 04.

Det er spelt i toppseria og fylkesseria.

Fylkessamlingar for 02 og 03: Vi har hatt 8 spelarar innom på samling.

Regional landslandslagsamling og landslagssamlingar: 1 spelar.

Vi har hatt spelarar som har delteke på kampar med 3 divisjon herre.

Det har vore eit bra år med tanke på spelarutvikling, og mange har strekt seg etter både eigne og laget sine mål. Det har vore godt samhold i spelargruppa og ein opplever at gutane støtter kvarandre i mot- og medgang. Ein ser at oppmøte på trening jamt over har vore bra, og spelarane møter med god innstilling og yter sitt beste.

I periodar har laget vore sett noko tilbake av at enkeltspelarar har vore ute med skadar. Samtidig opplever ein då at andre står på og tek ansvar. Likevel har ein opplevd eit noko varierende resultat på dei forskjellige kampane. Laget har innimellom spelt godt mot gode lag og kanskje dårlegare ved lettare motstand.

I og med ein har vore med i toppseria har laget hatt fleire turar til Trondheimsområdet. Der har laget fått yte sitt ytterste mot gode Trønderlag. Både sosialt og spelemessig har gutane hatt stor glede av desse felles turane, og ein ser at foreldra som har fulgt dei har også hatt det kjekt ilag. Ved nokre anledningar har ein tatt Trondheimsturen ilag med Herrelaget i felles buss.

Det er godt samhold i speiegruppa, og kiarer ein å motivere gutane til vidare satsing framover vert dette ei god spelargruppe for framtida i ørstahandballen.



## **Årsmelding for ØHB G 11 sesongen 2018/2019**

Dette laget består av ti gutar. Ein av dei er fødd i 2007, resten i 2008.

Gry Nupen er hovedtrenar for laget. Ann Sofie Forberg og Tone Krumsvik er hjelpetrenarar.

Oppmann er Ingvill Korsfur Ose og foreldrekontakt er Tone Krumsvik.

Sesongen har vore tøff for gutane fordi vi har møtt lag der alle spelarane er fødte i 2007. Av 12 kamper hittil i sesongen har laget hatt to sigerar, ein uavgjort kamp og ni tap. Dei to siste kampene går av stabelen 24.03. Trass mange tap har stemninga i laget vore god gjennom sesongen og gutane har hatt ei fin utvikling.

Laget har gjennomført dugnadar som forventa og foreldregruppa har vore positivt innstilt til dugnadsarbeidet.

Neste år ønskjar vi å melde gutane inn i same gruppe – altså G 11. Slik det ser ut no vert trenar- og støtteapparat uforandra neste sesong.

Mvh Ingvill Korsfur Ose, oppmann G 11.

## Årsmelding G10

Hei, liten status på G10.

Ved starten av sesongen var vi 18 speiarar, og det blei meiddt opp to lag til serien. Litt lite kampa i løpet av sesongen, sida mange lag trekte seg rett før seriestart. Men gutane har hatt ei positiv utvikling, både på kamp og trening.

Gruppa består i dag av 5 trenarar.

Stian Lid Kleppe

Andor Bjerke

Linda Aam Kriken

Kristin Takseth

Kamilla H. Myklebust

Oppmann:

Henning Bjørdal

Foreldrekontakt:

Lisbeth M. Digernes

No mot slutten av sesongen er vi 23 spelarar. So det ser ut til at det blir ei positiv rekruttering for denne gruppa framover. Regner nesten med at vi blir endå fleire til neste sesong.

Vi har trening mandag 18:30 - 19:30 og onsdagar 17:00-18:00. Sidan oppstart i nyehallen har vi våre over 18 mann på trening kvar gong. So dette er bra :)

Neste sesong melder vi opp 3 lag til serien.

Mvh Stian Lid Kleppe

## Årsmelding 2018/2019 for Gutter/ 8 år/ G08

Antall medlemmer: 12

Trener: Marlèn Thunem Raugøy

Oppmann/dame: Eirin Mork Stenersen

Foreldrekontakt: Aina Bondhus

I løpet av sesongen har laget trent mot å ta Rødt teknikkmerke, og vi er i ferd med å ta dette i skrivende stund. Vi begynte så smått på å øve oss på stor bane etter jul og er nå i full gang med det i nye hallen. Håpet er å være bedre rustet mot høstsesongen og oppstart i serie.

Vi har også fokusert på det sosiale i laget denne sesongen. Før jul hadde vi juleavslutning med pizza, og i februar hadde vi akekveld med grilling. Videre planlegges det en fin avslutning som minier med tur til f.eks Hakkalegården. Guttene er klar for ny sesong, vi kommer til å melde på ett lag. Marlèn fortsetter som trener.

Turneringer vi har deltatt på:

Bergsøy Turnering 23.09.2018

Sulahallen 03.11.2018

Ulsteinvik 18.11.2018

Miniturnering i Ørsta 20.01.2019

Miniturnering i Volda 03.02.2019

## Årsmelding for G7 (2011)

1. Antal spelarar: 20
2. Treningar: Margrethe Brautaset og Lene Kristiansen
3. Oppmann: Høge Robudal Stenkjøv

### Oppsummering av sesongen

Starta sesongen med mellom 12 og 14 spelarar. Varierende oppmøte grunna treningstid mandagar 16-17 på Vikemarka. Betydeleg oppsving i antal registrerte spelarar og meir stabilt oppmøte etter at treningane tok til i nye Ørstahallen (torsdagar 17-18). Delteke på 5 cupar medrekna Ørstacup. Trenarsituasjonen til neste år er uavklart.

## Årsmelding J16 og J18 - Thrillerlaget J16J18

Vi i heilagjengen må få starte årets årsmelding med å takke dei flotte jentene våre for mange flotte kampar, og serdeles mange thrillerkampar der det har stått og bikka litt i langedrag i fleire kampar. Slikt gjev nerve og spenning og spelemoro til både laget og dei ein møter.

I andre kampar har vi møtt både eldre spelarar på J18-lag rundt om, då vi stort sett har hatt 3-4 spelarar som er 17 år og resten av laget er 16-åringar eller 15-åring(ar). Men - vi har stort sett møtt opp med godt mot og gøts til å spele.

Haustferien 2018 var laget på treningsleir i Spania ei veke. Der deltok 17 spelarar, trenarar og føresette.

I haust starta sesongen med 18 spelarar, og så har nokre diverre slutta i løpet av året, slik at vi no er 15 spelarar etter at ei ny starta i haust. Det er mange år sidan Ørsta hadde så mange spelarar inn på eit J18-lag.

Tillercup i Trondheim i april med 18 spelarar og fleire vaksne som var med på tur.

No er årets sesong omme, og vi har Baldus cup siste helga i april å arbeide fram i mot. Kjekt å ha ein cup ei stund etter at serien er avslutta. slik at ein framleis har noko å trene i mot. Berre dumt at den cupen ikkje tek i mot 18-åringar.

Resultatmessig kom J16 på 2. plass i si gruppe, og J18 kom på 6. plass. For det eldste har det vore mange kampar der vi har spelt mot mange eldre spelarar, fordi vi på alle kampane har vore avhengig av å ha med oss underårige spelarar. Den nest siste spelehelga vart det fire kampar på tre dagar, noko som var i overkant med fleire skada spelarar. Vi får skrive kampane på "erfaringa sin konto", og tenkje at vi faktisk skåra fleire mål også mot spelarar som samla var mange år eldre enn oss.

Foreldregruppa er entusiastisk og dugnader går for seg med "fynd og klem", og vi ror alltid i land oppdraga på greie måtar. Takk til alle foreldre som stiller opp med mat, vakter i hallen, heiging, køyreoppdrag og som motiverer jentene sine til å komme på treningane og stå på i kampsituasjonar.

No har eg vore foreldrekontakt på laget i to sesongar, og det har vore mykje moro, tidvis nåkkå hektisk å lande alle dagnadsbrikkene, men sanneleg stiller mange på laget og også jentene sjølve opp på både eitt og hitt. Takk til oppkvinnene Grete Hagen Myklebust og Trude Sætre Gretland og oppmann Rune Hovde som driftar det daglege, slik at foreldrekontakten har ein sytalaus jobb. Vervet som foreldrekontakt vert elles ledig til neste sesong, så her reknar eg med at det vert kamp om vervet :)

Takk til jentene, dei føresette, "opppersonane" Grete, Trude og Rune og trenarteamet med Sven Castberg, Bendiks Rekleiv Øverbø, Ronny Pedersen og Lene Ueland for godt teamarbeid.

Lukke til vidare. Dåkke har gode framtidsutsikter, fordi dåkke er uthaldane, dåkke gjev ikkje opp om det kan sjå mørkt ut, tidvis klarer dåkke å spele med smittande smil og dåkke er flinke å dra med heile laget på bana no - og slik får dåkke større speleflate. Framtida er tida vi fokuserer på framover :) Ho ser frå foreldrekontakten sin sjåstad lys ut. Håper alle spelarane vil halde fram med å spele handball. Då kan det bløme godt på jentesida i åra som kjem. Eg gler meg til å heie på dåkke vidare.

Mvh

Hjørdis Almelid Vikenes, foreldrekontakt J16J18

## Årsmelding for Ørsta J14

Trenar denne sesongen har vore Olav Fosshem Moe og Hiide Langjo som iagleiar. I utgangspunktet starta vi sesongen med 8 spelarar, men står no att med 5 spelarar, og laget havna til slutt midt på tabellen i fylkesserien. Laget deltok på Ålesund Cup i fjor haust og skal til Shell Cup i K.sund no i vår. På grunn av få spelarar i sesongen har laget hatt eit samarbeidslag med Sæbø/Åmdal J14 som var i tilsvarende situasjon. Til slutt kan det nevnast at det har vore ein krevjande sesong med ulike utfordringar både for spelarar, trenar og støtteapparatet rundt. Men jentene har hatt fokus på å spele handball og har gjort ein strålande jobb.

Kristin Røv

Foreldrekontakt

J13 har i sesongen 2018/2019 hatt 13 spelarar.  
Trenarane: Malin Brekke og Ronja Aakre.  
Oppmenn: Hilde Sporstøl og Randi Selbervik.

Sesongen har bydd på både singlar og tap, desverre mest av det siste. Dei fleste jentene har vist bra engasjement på trening og kampar.  
Trenarane går no vidare med studier, og vi har (trur eg) fått ordna med ny til neste sesong (Håvard Aasen).

Mvh Ingeline B. Ose  
foreldrekontakt J13

# Årsmelding ØHB J12 (2006) 18/19 sesongen

## Generelt

- To treningstider i halvhall før ny hall. Dette er ok, men minimum. Men heilt magisk med den nye hallen.
- Gjennomført 2 foreldremøter
- Hatt 2 sosialkvelder

## Laget

Starta sesongen med 13 spelarar, no er dei 15 spelarar. Dette er kjempe kjekt. Utfordring er å få dei nye spelarar opp på samme nivå som dei rutinerte. I tillegg til dette er det viktig å fokusere på samhold. Dei nye spelarar må bli inkluderande i laget.

Trenarar: Tom Slenes og Sondre Masdal

Oppmann/foreldrekontakt: Eline Hjellen/Trude Velle

## Fagleg

Forventninga er innsats og tilstedeværelse.

Fokus på handball med større tempo, gjennombrøt og oppspel. Fokus på temposkifte. Jentene he klart dette veldig bra og eg gler meg til å introdusere kryssingsspel siste halvåret av sesongen.

Har begynt å introdusere nokre angrepstrekk og forsvars formasjoner. Stor overgang denne sesongen mht. ein spelar ekstra (strekspelar).

## Resultat

Vanskeleg for jentene å unngå fokus på resultat, da det er seriespel og tabell. Jentene havnet på 5. plass med 13 seiere og 9 tap, og føler at jentene håndtere bra både oppturar og nedturar! Prøve at alle spelar like mykje. Men veldig fokus på innsats og holdning på trening og kampar.

## Annet

Verkar som jentene trivast og føler dei meistrar og lærer nye ting. Men det er viktig å ha open dialog med spelarar om dette. Om nødvendig F2F samtale.

Støttegruppa fungerer bra med Trude Velle og Eline Hjellen. Ønskjar meir engasjement i frå foreldra.



Med venleg helsing

Tom Slenes



## **Årsmelding for J11**

I årets håndball sesong så har vi vært 22 spillere på det jevne og hatt 2 treninger igjennom helle sesongen. Treneroppmøte har vært meget bra ca. snitt på 20 spillere på treningene. Spilleren har tatt noen kjempe steg i løpet av sesongen og er meget lærevillig så det har vært en fryd å være trener.

Denne sesongen har vi vært 3 lag, 2 av lagene har spilt i samme serien mens det siste har spilt i en annen. Motstanden har vært varierende på seriene, men totalt så har vi nok vunnet og tapt ca. like mye. Neste sesong går vi opp en klasse og skal spille med strek så da blir det nok mulig at vi må gå ned på 2 lag. Men det tar vi en avgjørelse på i løpet av sommeren.

Sesongen avsluttes med Ørsta Cup og Nordfjord Cup som den siste.

Trenere har vært Karen Øye, Kristine Rebbestad og Tov Lerheim.

Karen Rekkedal og Karoline Flo Bratteberg har vært oppdamer

Årsmelding for jente 11 (f.2008)

Antall i gruppa: auka frå 8 til 16 jenter i løpet av sesongen

Trenarar: Per-Bjarne Skarstein starta sesongen. Tone Petra Rønning, Cesilie

Smehus Lind og Grete Flåskjer Ryste tok over trenarrolla .

Oppmann: Hilde Stinessen Osborg

Foreldrekontakt: Grete Ryste Flåskjer var foreldrekontakt til ho tok over som trenar.

Reidun Søvik Mårstøl tol då over rolla som foreldrekontakt.

Mvh Reidun S Mårstøl

## Årsmelding for J9 (født 2009)

Spelalarar: 28 aktive jenter spelar på J9.

Trener: Karoline Dyrhol Slenes og Reidun Flem Øye

Oppmann: Borgny Ottestad

Foreldrekontakt Ingelin Hjellen

Vi starta sesongen med 24 jenter, men fleire har kome til etter kvart. Vi er no 28 jenter på laget.

J9 har deltatt i seriespel for første gang i år. Dei fleste motstandarane våre er fødd i 2008. Det har vore tøff motstand med mange tap. Men jentene har kjempa og utvikla seg enormt denne sesongen, og har dei siste kampene klart dra iland nokre seierar. Vi har hatt 2 faste lag påmelde i serien. Vi har hatt fokus på fair-play, lagspel og å støtte/oppmuntre kvarandre innad i laget, i tillegg til generelle handballreglar og enkel taktikk. I april skal jentene delta på Ørsta-cup. Neste sesong skal vi delta på ein cup med overnatting. Mogleg Stryne-cup, men dette er ikkje endeleg bestemt.

J9 var maskot til Volda-damene på heimekamp mot Sola 14.10.18. Det var stor stas for jentene, til tross for tap for heimelaget mot Camilla Herrem sitt lag.

Trenersituasjonen har vore utfordrande dette året. Sesongen starta med Karoline Dyrhol Slenes og Øyvind Halkjelsvik som hovudtrenarar, men Øyvind måtte gi seg pga jobbsituasjon midt i sesongen. Reidun Flem Øye tok då over som hovudtrener på kort varsel. I tillegg hadde vi 3 hjelpetrenerar som bidrog ved høve. Trenerane har stått aleine, og føler dei ikkje klarar hjelpe alle utvikle seg rett, når dei er 1-3 trenarar på 28 jenter. Det er vanskeleg å tilpasse treninga individuelt når det vert så mange jenter pr trener. Vi hadde foreldremøte no i mars, der vi oppmoda føresette om å melde seg som hjelpetrenerar. Det var 7 stk som ville stå på ei liste, med faste hjelpetrenerdagar. Dette lettar situasjonen til trenerane, der dei no har fleire til å hjelpe seg under trening. Vi fekk sett opp ei fast liste, slik vi sikra at det på kvar trening vil vere hjelpetrener til stades. Frå å vere 1-2 er vi no fast 4 vaksne på kvar trening. Ikkje alle føresette som melde seg har handballkompetanse, men kan likevel bistå trenerane, hjelpe barna halde fokus og rettleie einskildebarn.

Vi har to treningar i veka. Med 28 jenter er det til tider utfordrande med plass i hallen, og vi ynskjer difor dobbel bane frå neste sesong, om ikkje anna på ei av treningane. Om spelartalet held seg stabilt, vil vi melde på 3 lag til serien neste sesong.

## Årsmelding J8

---

Hei.

Vi har hatt ein fin sesong med 18 jenter med i «staben» redusert frå 24 året før.

Det var svært utfordrande med 24 jenter på vikemarka (plassmessig) ifjor, så det har våre mykje bedre i år med halv bane i gamlehallen, og for ikkje å snakke om heil bane i nyehallen. Vi har så vidt begynt å spele litt på stor bane, men fokuserer mykje på pasningsspill og skudd. Dei er på svært forskjellig nivå både fysisk og teknisk, og vi gjer vårt beste for at alle skal få best mulig utbytte og glede av treningane. Dei er ganske «grupperte» og prega av kven dei går i klasse med/på skule med så utfordringa har også våre å «blande dei» og lære dei å være på lag alle sammen uten sure miner 😊

Vi er 3 trenarar i år; Anita Kristiansen, Maria Tvergrov og meg sjølv.

Maria vert ikkje med neste år, men det gjer vi to andre.

Vi har fått tilbakemelding om at alle 18 vert med neste sesong. Vi er spent på seriespill. Lurte i utgangspunktet på å melde på to lag, og vil gjerne ha tilbakemelding på om det er å anbefale med 18 spelarar?

Oppmenn/foreldrekontakt er Karoline Flo Bratteberg og Ingrid Sæbønes. Dei stiller opp som hjelpetrenarar ved behov.

Min mann; Finn Børre Holen stiller som trenar for meg no framover. Han vert også lagledar på Ørsta-cupen. Han er fotballtrener for halve gjengen på laget så det har fungert fint.

Mvh Ragnhild Brautaset

---

## Årsmelding J7

Hei!

Her kjem årsmelding for jenter f.2011:

På dette laget har vi vore 19 jenter. Trener er Lars-Erik Gjøystdal, og framover vert Jan- Ove Skår også med som trenar. Oppmann/kvinne er Hildegunn Rotnes, foreldrekontakt er Tone Moe.

Det har vore ei kjekt år for desse jentene, med spesielt fokus på å ha det kjekt og meistringstru gjennom enkle øvingar. Det har vore ei fin utvikling hos jentene sjølv om vi har trent på liten plass på Vikemarka skule. Gler oss stort over å få bruke nye hallen!

På vegne av laget

Tone Moe

